



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	11.12.2025
Møtetid:	13:15 -17:00
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Stian Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Kariann Ekren	medlem	H
Bjarte Andvik	medlem	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre	Kariann Ekren	H
Tina Korsøren Fjellby	Bjarte Andvik	H

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 81/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 82/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 30.10.25	
PS 83/2025	Søknad om fritak frå formannskapet ut kommuestyreperioden - Kariann Ekren	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
PS 84/2025	Budsjettjustering desember 2025	
PS 85/2025	Revidert kraftfondsbudsjett 2025	
PS 86/2025	Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029	
PS 87/2025	Opsjonsavtale om erverv av fast eigedom - utviding på deler av gnr.52 bnr.10, 11 og 20. på Matre	
PS 88/2025	Vurdering av samarbeidsformer for arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland (m.a. Einekavane) - uttale frå Masfjorden kommune	
PS 89/2025	Endring av selskapsavtale NGIR	
PS 90/2025	Handlingsplan 2026 for " Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet"	
PS 91/2025	Rammeløyve for idrettsbana og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule	
PS 92/2025	Folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2025	
PS 93/2025	TENESTEAVTALE 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene	
PS 94/2025	Sak om kjøp av grunn frå eigedomen gnr.44 bnr.68 på Krossleitet	
PS 95/2025	Drøfting pris på kommunale bustadtomter i eldre bustadfelt	
PS 96/2025	Prioritering av trafiksikringssøknader 2026	
PS 97/2025	Skule- og barnehageruta 2026 - 2027	

PS 98/2025	Nye prinsipp og retningslinjer for klasseturar i Masfjorden kommune
PS 99/2025	Språkplan for Masfjorden kommune 2025 - 2033
PS 100/2025	Referat- og orienteringssaker
RS 24/2025	Høyringsinnspel til Budsjett og økonomiplan 2026
RS 25/2025	Merknader til budsjett 2026 og ØP 2026-2029
RS 26/2025	Innspel årsbudsjettet 2026
RS 27/2025	Innspel til budsjett 2026 - Masfjorden Høgre
RS 28/2025	Innspel frå Masfjorden Ap til budsjett 2026 og økonomiplan 2026 -2029
RS 29/2025	Innspel til budsjett/ økonomiplan - Masfjorden Senterparti
RS 30/2025	Signert Finansieringsavtale for vidare utgreiing Masfjordsambandet
RS 31/2025	Referat etter møte med politimeister og leiinga i Vest politidistrikt 14. oktober
RS 32/2025	Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 18.11.2025
RS 33/2025	Protokoll 3-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 24. oktober
RS 34/2025	Møteprotokoll frå Eldrerådet 04.11.25
RS 35/2025	Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.11.25
RS 36/2025	Møteprotokoll frå ungdomsrådet 01.12.25
RS 37/2025	Informasjon til kommunane
RS 38/2025	Høyringsinnspel frå Regionrådet Nordhordland – tomteval for nybygg for Austrheim vidaregåande skule
RS 39/2025	Bandtvang for hundar

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 81/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 81/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 82/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 30.10.25

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 82/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyremøte 30.10.25:

Møterprotokoll frå kommunestyremøte 30.10.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 84/2025 Budsjettjustering desember 2025

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram følgjande tilleggspunkt til framlegg til vedtak

- Kommunestyret stadfestar (jf. formannskapsmøte 29.4.25 – sak PS 32/2025 Saldering budsjett 2025 - og seinare i juni) at med dei føringar som er lagt inn i 2025 budsjettet, vert måltalet for netto driftsresultat i 2025 sett til 0 (og 0%)

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 84/2025 Budsjettjustering desember 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2025 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Kommunestyret stadfestar (jf. formannskapsmøte 29.4.25 – sak PS 32/2025 Saldering budsjett 2025 - og seinare i juni) at med dei føringar som er lagt inn i 2025 budsjettet, vert måltalet for netto driftsresultat i 2025 sett til 0 (og 0%)

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 85/2025 Revidert
kraftfondsbudsjett 2025

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 85/2025 Revidert
kraftfondsbudsjett 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Kraftfondsbudsjettet 2025 vert revidert slik;

		Budsjett
		2025
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-570 000
	GMU midlar frå VLFK	-1 180 000
	Sum inntekter	-1 750 000
Utgifter:	Avsett midlar 2025 til bustadføremål 2026 og framover	1 250 000
	Prosjekt "Ta fjorden i bruk att" . Investering brygge	500 000
	Sum utgifter	1 750 000

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 86/2025 Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Mariann Fløtre Andvik (Ap) bad om at følgjande vart protokollert:

- Frå 1.1.2025 fikk vi ny nytt inntektssystem å forholde oss til, og vi har ennå ikke evaluert og oppsummert det, men signal fra rådmannen, er at folketalet har mykje å seie, og det er på nedadgående kurs dessverre. Til nå så ligger vi også an til å i minus i 2025 med 4 mill. Masfjorden Ap meiner vi må ha ei nøktern tilnærming til 2026-budsjettet, etter førevar-prinsippet, og for å kunne justere oss etter nye rammer.

Rådmannen la frem en kuttliste i driften på 10 millioner for å få budsjettet i balanse, og med lav odds for å nå våre egne måltal på f.eks. resultatgrad. og med det i tankene ønsker vi i AP å fremme vedlikehold i kommunen, fremfor nye store investeringer, og at dette i hovedsak blir dekket inn i den daglige driften, da særskilt til skole og sykehjemmet. Likevel, er vi glade for at flere flotte prosjekt er kommet inn i planene videre, blandt annet skolekjøkken, nytt gymsalgolv, ventilasjon og kjøll på sykehjemmet.

Omsorgsboligene både på Hosteland og Haugsvær er på god vei i planleggingen, dette må fullfinansieres og er ett veldig viktig prosjekt. - Vi ønsker å stryke oppvekstsektoren med en miljøarbeider.

Denne må finansieres av egne innstramminger på sektoren, f.eks. å slå sammen leiarfunksjonen av barnehage og skule ved Matre.- Ønsker å styrke landbrukskontoret med en prosjektkoordinator, som er finansiert av fellesprosjekter som settes i gang. Vi ønsker en utgreiing av driftspost og investeringspost for BUA ordningen som ligger under frivillighetssentralen. - Ønsker en politisk sak angående sammenslåinger av ungdomskolene, selv om dette ikke gjøres direkte av økonomiske grunner, kan det være en positiv konsekvens. - Vi ønsker å støtte HØYRE sine forslag på flere punkt, - oppgradering av uteområdet ved sykehjem og MBA, Sandnes idrett og næringsmiljø, samt praksis i skolene - og vil med det høre om det er ønskelig om å formulere noen felles punkt? - Vi ønsker også å støtte VENSTRE sine forslag om miljøarbeider i skolene, og ett budsjettkutt i folkevalgt organ, med blant annet å sette varaordførerstillingen ned igjen til 20%. Dette mener vi er overdimensjonert for en kommune med under 1700 innbyggere (1681pr. 3. kvartal).

Geir Egil Haugsvær (Sp) bad om at følgjande vart protokollert:

- 2025 har vore eit år med stor investerings-aktivitet. Det meste er brukt i varige driftsmidlar til vedlikehald av kommunale bygg og vegar. Dette meiner me er heilt nødvendig for å hindre at skadane blir for store og vedlikehaldsetterslepet vert uhandterleg.

Det er ikkje urovekkande at ein ikkje klarer å nå dei finansielle måltala kvart år så lenge ein har god kontroll på økonomien. Budsjettmessing kan det sjå ut til at 2025 blir eit år der me ikkje klarer å nå alle 4 måltala, men når rekneskapsresultata kjem i februar/mars 2026 trur me at også dei siste måla er veldig nære.

Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett for 2026 og økonomiplan 2027-2029 vidarefører eit høgt og godt tenestenivå til tross for krevjande driftsstruktur som store avstandar. Dette er svært gledeleg, og me kan fortsatt seie «Masfjorden - ein kommune me er stolte av»

Me går inn i eit nytt år som kan verte utruleg spanande. Masfjord-sambandet og eit eventuelt datalagringssenter kan føre til at me kan få eit mykje betre grunnlag for å gjere større investeringar i framtidige budsjett.

Det har vore to arbeidsgrupper som har levert rapporter på utfordringar, oppgåver og løysingar innan helse, og innan landbruk. Fram mot revidering av budsjettet håpar me at det er mogleg å bake inn noko av det som er foreslått i der.

Det uroar Senterpartiet at distriktskommunar som Masfjorden stadig må ta på seg fleire kostnader som meir folkerike kommunar slepp tenke på:

- Breibandsutbygging prioriterte me å få i gang raskt her, men det kosta oss 6 millionar.
- Mobildekning må me ta store kostnader med for å unngå områder utan dekning.
- Kommunalt brannvern tek på seg meir og meir ansvar utan å bli kompensert, medan ambulanse og politi blir sentralisert.
- Fylkeskommunen vil no ha distriktskommunane med på å bygge ut ladeinfrastruktur for å få drosjenæringa over på elbilar.

Me håpar at gjeldsslettingsordninga kan vere med på å lokke fleire til Masfjorden, og at den blir brukt aktivt i alle utlysingar av ledige stillingar.

Senterpartiet hadde ei kort og beskjeden ynskjeliste til budsjettet for 2026 som me håpar kan verta innfridd i revidert budsjett. Desse ynskja oppfattar me at det er tverrpolitisk enighet om.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) bad om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden Venstre fremmer forslag om å redusere oppvekstområde Indrefjorden til 1 felles eining, der skule og barnehage vert administrert med ein felles administrasjon og leiing.

Endra barnetal og elevtal gjer at det ikkje lenger kan forsvarast å bruke den organiseringa ein har per i dag knytt til administrasjon og leiing. Kommunen må ta ansvar for å organisere utifrå demografi utvikling og for å styrkje eit kvalitativt og godt tilbod i framtida for dette oppvekstområde.

Det er to hovudargument for felles administrasjon og leiing:

- økonomisk innsparing - og
- ein administrativ forenkling

Fleire kommunar har innført felles leiing for skule og barnehage, der ein og styrkjer pedagogisk tilbod ved endra organisering av administrasjon og leiing.

Kommunen har og vil få, utfordringar med å rekruttere fagkompetanse framover og må og legge dette til grunn for å endra organisering, for å sikre kvalitet, mål og tilbod frametter. Ved å endre organisering vil ein og kunne styrkje moglegheit for å legge inn i budsjett ein miljøarbeidar-stilling som sirkulera på alle tre barne og ungdomsskulane i kommunen. (I prinsippet hindrar korkje opplæringslova eller barnehagelova felles leiing i skule og oppvekst)

- Masfjorden Venstre fremjer forslag om å redusere varaordførar sin stillingsdel frå 40 % til 20 % med bakgrunn i behov for å regulere budsjettpost som ein del av det totale budsjettet sitt behov for reduksjon. Det er tilstrekkeleg med varaordførar i 20 % stilling som andre kommunar og har.
- Fremmer forslag om å etablere miljøarbeidar stilling inn i skulane i Masfjorden. Dette er ein stilling som kan kombinerast med andre funksjonar, som MOT leiar Det er av betydnad at leiing i Oppvekstsektor får ansvar for å sjå nærmare på løysingar knytt til korleis ein praktisk skal nytte denne, men den bør vere tilgjengeleg på alle skulane.

Ørjan Daae (FrP) bad om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden FrP ser tilbake på året 2025 som et bra år. Det har vert stor aktivitet i kommunen. Rådmannen med sin stab, har framlagt rekordmange saker til energiske politikere. Kjekt å sjå at vi får det til. Masfjorden FrP vil framheve ordføreren, som gjør en meget god jobb. Takke Høgre og Senterpartiet for godt samarbeid i 2025. No skal vi bruke resten av perioden til å få på plass flere av våre hjertesaker. Dei fleste sakene har som grunnlag for at vi skal klare å gjøre vår kommune til en attraktiv plass å vokse opp, bu og leve ut alderdommen. En viktig sak som kommunestyret jobber med, er den nye samfunnsdelen i kommuneplan. Masfjorden Frp håper at denne planen skal åpne for nye og bedre muligheter for å etablere seg og utvikle lokalsamfunnet i heile kommunen.

Masfjorden FrP ser at gode og attraktive bustadtomter, vil være en viktig faktor. Kommunale og private byggefelt skal være med å få flere til å busette seg i kommunen. Masfjorden kommune skal fortsette med å være en aktiv medspiller til dette. Masfjorden FrP er derfor svært fornødt med at en nå har starta prosessen med nedsalg av eldre kommunale bustadenheter. Her ser vi for oss at unge i etableringsfasen kan få kjøpt seg en rimeligere buenhet, samtidig som kommunen spare vedlikeholdskostnader. Friske kommunale midler som kan brukes i nye byggeprosjekter. Masfjorden FrP ser for seg at en i samarbeid med privat næringsliv, slik at en får bygget nye og funksjonelle utleieenheter. Sette i gang tilsvarende

prosjekter som Haugsvær panorama. Omsorgsboliger på Hosteland og ikke minst være proaktive inn mot prosjektet ved gamle sjukeheimen på Sandes.

Det gode arbeidet til ordføreren og arbeidsgruppa til Masfjordbrua, har no ført til en ny positiv retning. Ja til og med fylkeskommune begynner å ta det til seg at, bru skal vi ha. 2026 vil bli et svært viktig år for Masfjordbrua sin framdrift.

Eit stort prosjekt i denne økonomiperioden vil være, ønske om en flerbrukshall på Hosteland. Forprosjektet ble avsluttet i 2025 og videre prosess vil fortsette i denne planperioden. Her blir det viktig at en tidlig kommer fram til ei kostnadsramme som kommunes økonomien klarer å håndtere. Masfjorden FrP ser flere muligheter og tiltak som kan gjøres samtidig om prosjektet skal gjennomføres.

Næringsutvikling må også bli en større faktor i Masfjorden, dersom en ønsker å gjøre kommunen til en attraktiv plass å bo. Lokale næringsdrivere bidrar svært mye til lokalsamfunnet. Kortreist og stabile tjenester gjør hverdagen enklere. Derfor ser Masfjorden FrP positivt på et nytt næringsområde på Risnes. Dette område vil være perfekt lokalitet for flere servicefirma. Kort vei til dei fleste lokalitetene i ytre del av Fensfjorden og i Masfjorden. I tillegg holder fylkeskommunen med en ny reguleringsplan for Risnes bru. Da kan vi endelig få gjort noe med området rundt. Trafikksikring, parkeringsplass for øyfolket og næringsutvikling.

NGIR stasjon på Krossleite. Masfjorden trenger en slik stasjon. Dette vil gi nye muligheter for næringsutvikling i området. Masfjorden FrP har jobbet for at det skal bygges et mottak stasjon på Krossleite og er svært fornøyd med framdriften.

Kommunale veier og trafikksikring, er tema som Masfjorden FrP snakker mye om. Vi ser at kommunen stadig får utført oppgaver og tiltak på veiene våre. Innbyggerne i vår kommune ser svært opptatt av bedre veier og jubelen er stor nå det er kommet ny asfalt på den lokale vegen. Masfjorden FrP er glad for at kommunestyret no i to år har klart å prioritere vedlikeholdet på de kommunale veiene. Dette skal vi fortsette med ut perioden vår. I tillegg er det svært kjekt å sjå at flere trafikksikrings tiltak blir utført av kommunen. Møteplasser, snuplass, støypekanter, men vi trenger mer. . Vi trenger mer veglys i våre byggefelt (Stokkevik felt/ Duesundøyna) og lys i Tirnestunnelen og Trysdalstunnelen. Videre må vi jobbe for stabile prosesser/ budsjett, slik at trafikksikringsplanen, kan følges opp tetter. Masfjorden FrP meiner at det må ligge et fast grunnbeløp i budsjettposten til trafikksikring.

Masfjorden FrP vil prioritere i 2026 budsjettet:

Vedlikehold av kommunale veier:

Vedlikeholdet på de kommunale veiene fikk et løft i budsjettet for 2024 og 2025.

Dette medførte at flere veier ble asfaltert, noko som igjen medfører mindre vedlikehold og reparasjoner i åra framover. Ser at rådmannen i økonomiplanen har justert ned budsjettet til 2 mill, Dette er noko vi i Masfjorden FrP er imot.

Masfjorden FrP foreslår derfor følgende endringer til kommunale veiar:

Budsjett for kommunale veger forblir på 3 mill pr år .

Finansiering ved bruk av lån / fond.

Trafikksikringsplanen:

Masfjorden FrP har etterlyst større satsing på trafikksikringstiltak. Dette gjelder også forhold som ikke ligger i trafikksikringsplanen. Fylkeskommune har en tilskudds ordning som dekker opptil 50 % av kostnadene, dersom fylket godkjenner søknaden. I 2024 hadde Masfjorden Kommune inne to prosjekter i søknadsrunden. Heldigvis ble et prosjekt godkjent. Masfjorden FrP vil oppfordre rådmannen til å sende inn flere søknader kvart år framover. Dette vil øke muligheten for tilskudd til nye prosjekter. I denne planperioden har rådmannen kun lagt til grunn et tiltak til trafikksikring. Masfjorden FrP vil endre dette og vil løfte fram trafikksikring i både investeringsbudsjettet og denne økonomiplanperiode.

Masfjorden FrP foreslår derfor følgende endringer til trafikksikring:

Budsjett for trafikksikring økes til 500 000 kr kvart år i denne økonomiplanperiode.

Rådmannen søker fylket om tilskudd på flere prosjekter kvart år.

Finansiering ved bruk av lån / fond (500 000kr)

Tilskudd fra fylket kommer i tillegg.

Gebyrhefte:

Masfjorden FrP ønsker en sammenheng og en reduksjon i gebyrene i Masfjorden Kommune. Alle ønsker at vi skal få flere innbyggere til kommunen. Vi investere i nye byggefelt slik at vi har gode tomter å tilby til innbyggerne våre. Siden dette er et satsingsområde, burde også gebyr og kommunale avgifter ifbm tomter og hus også være gunstige. Masfjorden FrP vil jobbe for at en utarbeider et mer strategisk gebyrhefte iht våre satsingsområder.

Skal en da kjøpe seg tomt i Masfjorden, for å bygge seg en bustad. kommunal eller privat tomt, vil kommunen ta gebyr i flere sammenhenger.

I Masfjorden er det i dag 16 kommunale tomter og over 75 private tomter som ikke er utbygg.

Målet er at det skal bygges over 20 busteder innen 2029.

Sigrun Haugsdal Reknes bad om at følgjande vart protokollert:

- Takk til rådmannen for eit godt gjennomarbeida budsjettforslag. Me har stor tiltru til at kommunen vert styrt med stødig hand.
Og det er bra! For me meiner verkeleg at det er no me må handla. Innbyggjartalet er på veg nedover, og me må gjera investeringane i dag for å sikre framtida.
Masfjorden skal vera ein attraktiv plass å bu – med gode kommunale tilbod, trygge oppvekstkår og levande bygder.

Me har fått høyre at me har høge ambisjonar, og det er heilt sant. Me har store ambisjonar!

Me har ambisjonar om å gjere kommunen endå meir attraktiv, heilt frå for dei alle minste til dei som har levd eit langt liv. Innvendig rehabilitering av skulane, oppgradering av Sandnes idrettsanlegg, fortsetjing av arbeid med mobildekning og arbeid med dei kommunale vegane, omsorgsbustad+, og kontinuerleg kvalitetsarbeid for oppvekst- og helsesektoren.

I ein liten distriktskommune som Masfjorden, bør alt slikt vera på plass.

Så korleis kan me gjere kommunen vår endå meir attraktiv?

Ungdommar seier klart i frå om at ein samlingsplass der dei kan drive med idrett og aktivitet står høgt på ønskelista. Og ungdommane skal me høyre på. Me er difor heilt ueinige i Ap sitt ønske om å setje prosjekt om fleirbrukshall på vent. Ein slik arena vil vere samlande og bidra til aktivitet for alle aldersgrupper.

Ungdommen er framtida, og for Masfjord-ungdommen er verda utanfor freistande. Kva kan me då gjere for at ungdommane våre kjem heimatt etter å ha snust på dei store byane i studietida?

Me meiner at satsing på avslutningsturen for 10.klassingar vil vere med å gje kommunen det lille ekstra. Nye retningslinjer er utforma og me ber om at kostnaden blir arbeidd inn i salderinga.

No er eit nytt ungdomsråd kome på plass, og gleda oss til å høyre meir frå dei!

Me er stolt av oppgradering på Matre. Idrettsanlegget på Nordbygda er godt tatt i bruk og no vil me i gang med ei skikkeleg opprusting av anlegget rundt Sandnes skule.

Satsing på kultur og idrett i Masfjorden er viktig for å sikre at det kjem nye innbyggjarar til kommunen.

Det vert spennande å sjå korleis forprosjekt for vurdering om nedsalg av kommunale eigedommar utartar seg. Håpet er at me kan selje rimelege bustader til unge, kanskje førstegangsetablerarar, for så å bygge opp ein litt anna kommunal bustad «bank» - kanskje me kan få i orden ei løysing der dei som skal i gang med bustadbygging enkelt kan leige for den perioden som trengs. Det er noko som trengs her i Masfjorden, det er vanskeleg å finne plass å leige her, spesielt for dei som ikkje har tilhøyrse i kommunen.

Masfjorden Høgre har tidlegare bestilt styrking av teknisk avdeling. Vedlikehaldet er ikkje i rute, og me har tankar om ei vaktmeisterteneste med pedagogisk teft. Me har høyrdd om andre kommunar som har nettopp dette, ein vaktmeister som kan bidra inn mot skuletrøytte elevar og vanskelege situasjonar. Rett person på rett stad er stikkordet her, og kanskje dette kan bli riktig nytte av denne ressursen? Dette er kanskje noko alle partia kan bli einige om? Og kanskje oppvekstleiar har tankar her?

Og vert det datasenter på Matre? Det vil i såfall føre med seg gode midlar for kommunen, både konsesjonskraft og reine inntekter. Matre er på mange måtar den rette plassen for slik næring, ikkje minst er det ei stor moglegheit til å blåse liv i den fine Matrebygda.

Me i Høgre ser fram til å følgje utviklinga og arbeidet der.

Masfjordsambandet vert kontinuerleg arbeidd med, og arbeidsgruppa har i det siste sett på moglegheita for ei flytebru i standfor den tidlegare planlagde hengebrua.

Dette er rekna å vere svært kostnadssparande, og kanskje er det no prosjektet snur og går riktig veg? Det er då heilt tydeleg for oss i Høgre at dette ikkje er tida å halvera stillingsprosenten til varaordføraren, slik Venstre føreslår. Me treng alle mann på dekk i arbeidet, og kanskje spesielt no i det som kan vera innspurten mot godkjenning og oppstart av sambandet.

I fjor snakka me om å ta fjorden i bruk att. Og der var me gode. All mogleg takk til arbeidsgruppa, med Frank Kvinge i spissen, som lagde til eit fantastisk arrangement i august. Me har fått mange tilbakemeldingar på at dette var noko innbyggjarane sette pris på.

Me har i åra som har gått snakka mykje om helse. Me har no fått melding om at det i starten av 2026 kjem på plass kreftkoordinator i kommunen, og psykolog er tilsett i samarbeid med Gulen kommune. Psykisk helse er eit tema me i Høgre vil løfte i året som kjem – det er eit område som er vanskeleg, krevjande og ekstremt viktig. Det er flott å sjå tilbake på eit år der det har skjedd mykje. No venta 2026. Me håpar på god helse, gode debattar og godt samarbeid i året som kjem.

For me jobbar jo alle mot det same målet, at Masfjorden framleis skal vera ein kommune som me er stolte av!

Rådmannen sette fram følgjande endringforslag:

- Driftsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 8.2.

Investeringsbudsjett 2026 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 8.3. Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil 10 mill.kr for finansiering av investeringsprosjekt i 2026. Resten vert finansiert med fond/eksterne tilskot. Masfjorden kommune tek ikkje opp startlån frå Husbanken i 2026. Justert finansiering med redusert låneopptak og auka bruk av fond/eksterne tilskot er ikkje innarbeidd i hovudoversikta

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i Gebyrhefta gjeldande frå 1.1.2026.

For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2026 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) sette fra følgjande framlegg til vedtak:

- Masfjorden Venstre fremmer forslag om å redusere oppvekstområde Indrefjorden til 1 felles eining, der skule og barnehage vert administrert med ein felles administrasjon og leiing.
- Masfjorden Venstre fremjer forslag om å redusere varaordførar sin stillingsdel frå 40 % til 20 % med bakgrunn i behov for å regulere budsjettpost som ein del av det totale budsjettet sitt behov for reduksjon.

- Masfjorden Venstre fremjer forslag om å etablere miljøarbeidar stilling inn i skulane i Masfjorden.

Ørjan Daae (FrP) sette fram følgjande endringsforslag i gebyrheftet:

- Byggesak bustad (basisgebyr) 6 000 kr
- Tilknytingsavgift vatn 15 000 kr
- Tilknytingsavgift avlaup 25 000 kr
- Redusert tilknytingsavgift for vatn og avlaup skal også gjelde eksisterande bustader. Reduksjonen dekkes av bustadfondet Gebyrene låses i denne perioden (2026 - 2029)

Veronika Hjartholm (H) sette fram følgjande endringsforslag i gebyrheftet:

- Auke i gebyr skal ikkje overstige indeksregulering på 3,5%. Dette inkluderer gebyr for grensejustering. Timepris kontorarbeid vert justert frå kr 906 til kr 1.240 jamfør administrasjonen si innstilling.

Røysting:

Det vart først røysta over V sine forslag:

- forslag om å etablere miljøarbeidarstilling inn i skulane i Masfjorden fall med 5 røyster (V og Ap)
- forslag om å redusere oppvekstområdet i Indrefjorden fall med 5 røyster (V og Ap)
- forslag om å redusere varaordførar sin stillingsdel frå 40% til 20% fall med 5 røyster (V og Ap)

Det vart så røysta over Hartholm og Daae sine framlegg til endringar i gebyrheftet.

Framlegga vart samrøystes vedteke.

Det vart tilslutt røysta over framlegg til vedtak frå endringsforslaget frå rådmannen.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 86/2025 Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 8.2.

Investeringsbudsjett 2026 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 8.3.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil 10 mill.kr for finansiering av investeringsprosjekt i 2026. Resten vert finansiert med fond/eksterne tilskot. Masfjorden kommune tek ikkje opp startlån frå Husbanken i 2026. Justert finansiering med redusert låneopptak og auka bruk av fond/eksterne tilskot er ikkje innarbeidd i hovudoversikta.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i Gebyrhefta gjeldande frå 1.1.2026 med følgjande endringar:

- Byggesak bustad (basisgebyr) 6 000 kr
- Tilknytingsavgift vatn 15 000 kr
- Tilknytingsavgift avlaup 25 000 kr
- Redusert tilknytingsavgift for vatn og avlaup skal også gjelde eksisterande bustader. Reduksjonen dekkes av bustadfondet Gebyrene låses i denne perioden (2026 - 2029)
- Auke i gebyr skal ikkje overstige indeksregulering på 3,5%. Dette inkluderer gebyr for grensejustering. Timepris kontorarbeid vert justert frå kr 906 til kr 1.240 jamfør administrasjonen si innstilling.

For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2026 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 87/2025 Opsjonsavtale om erverv av fast eigedom - utviding på deler av gnr.52 bnr.10, 11 og 20. på Matre

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- utsette opsjonsavtalen til etter at reguleringsplanarbeidet er ferdig

Det vart først røysta over utsettingsforslaget frå Ap. Framlegg til Ap om å utsette opsjonsavtalen fall med 5 røyster (V og Ap)

Framlegg til vedtak vart vedteke med 13 røyster (H, Frp, Sp og Ragnvald Tangedal (Ap))

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 87/2025 Opsjonsavtale om erverv av fast eigedom - utviding på deler av gnr.52 bnr.10, 11 og 20. på Matre:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune godkjenner vedlagde opsjonsavtale dagsett 04.12.2025 med selskapet KB Campus Matre AS.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 88/2025 Vurdering av samarbeidsformer for arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland (m.a. Einekavane) - uttale frå Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 88/2025 Vurdering av samarbeidsformer for arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland (m.a. Einekavane) - uttale frå Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune, som 100% eigar av Einekavane as – seier nei til fusjon med dei 4 andre arbeidsmarknadsverksemdene i region Nordhordland (jf. kap. 7.4 i rapport, og tilråding frå arbeidsgruppa). Masfjorden kommune ønskjer å bli med i ei evt. utgreiing av samarbeid basert på konsernmodell (skissert under kap. 7.3. i rapport «utgreiing av organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i region Nordhordland»).

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 89/2025 Endring av selskapsavtale NGIR

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 89/2025 Endring av selskapsavtale NGIR:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune godkjenner framlegget til revidert selskapsavtale for NGIR. Den reviderte selskapsavtalen skal gjelde frå NGIR sitt årsmøte i juni 2026

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 90/2025 Handlingsplan 2026 for "Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet"

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 90/2025 Handlingsplan 2026 for "Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet":

Vedtak frå kommunestyret:

1. Handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for 2026:

A	Ordinære anlegg	Ansvarleg søkjar
	Friddrettsanlegg Nordbygda idrettsanlegg	Masfjorden kommune
	Lysanlegg Matre idrettsbane	Masfjord FL
	Rehabilitering av gymsaldekke, Sandnes skule	Masfjorden kommune
	Utviding av kunstgras, lys og løpebane Sandnes	Masfjord FL/Masfjorden kommune
	Lagerhall ved skitrekket i Stordalen	IL BW og Stordalen skisenter AS og Masfjorden kommune
	Varmestove ved skitrekket i Stordalen	IL BW og Stordalen skisenter AS og Masfjorden kommune
	Fleirbrukshall Nordbygda	Masfjorden kommune
	Rehabilitering av skytebane i Nørlandsdalen	Fjon skyttarlag
	Stordalen utviding av turruter sommar/ vinter. Off. parkeringsplassar	IL Bjørn West
	Relakkering og merking av løpebane Matre	IL Bjørn West

	«Dagsturhytte» Indrefjorden og Nordbygda	
B	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg søkjar
	Vidare utvikling nærmiljøområdet Sandnes skule	Masfjorden kommune
	Ro- og padleruter	BOF/lokale lag/ kommune
	Rehabilitering Blåbærhaugen, Nordbygda skule	
	Sjøsportanlegg	
	Oppgradering av badeplassar. Sauna.	Sandnes Vel
	Oppgradering av nærmiljøanlegget i Skjelsundet	
	Oppgradering av ballbingar	
	Turvegar i fleire bygdelag	
	Orienteringskart ved skulane	

A	Mindre tiltak « friluftslivet sine ferdsselsårer»	Ansvar
1.	Skilting, merking og utbetring av stiar	Masfjorden kommune
	Reparering og utskifting av gamle bruer og klopper	Privatpersonar, lag og organisasjonar
B.	Større tiltak	Ansvar

- **Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024 vert gjeldande inntil ny kommunedelplan 2025-2037 vert vedteken**

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 91/2025 Rammeløyve for idrettsbana og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 91/2025 Rammeløyve for idrettsbana og nærmiljøanlegg ved Sandnes skule:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune gir garanti/rammeløyve på inntil kr. 3,5 mill.kr for gjennomføring av tiltak ved idrettsbana og nærmiljøanlegget ved Sandnes skule, samt forskottering av mva og spelemidler. Forskottering og rammeløyve vert mellombels finansiert av fondsmidler.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 92/2025 Folkehelseoversikt
Masfjorden kommune 2025

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 92/2025 Folkehelseoversikt
Masfjorden kommune 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret tek Folkehelseoversikt for Masfjorden kommune 2025 til orientering.

Folkehelseoversikta skal nyttast som grunnlag for planlegging og prioritering i kommunen.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 93/2025 TENESTEAVTALE 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 93/2025 TENESTEAVTALE 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune sluttar seg til «Tenesteavtale 12 Felles utvikling og planlegging av tenestene» i Helsefellesskapet for bergensområdet.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 94/2025 Sak om kjøp av grunn frå eigedomen gnr.44 bnr.68 på Krossleitet

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 94/2025 Sak om kjøp av grunn frå eigedomen gnr.44 bnr.68 på Krossleitet:

Vedtak frå kommunestyret:

Rådmannen får fullmakt til å inngå opsjonsavtale for kjøp av inntil 3,4 dekar stort areal frå gnr.44 bnr.68. Det er eit vilkår at kjøpesummen vert avgrensa til maksimum 1.250.000,- . i tillegg kjem kostnader knytt til dokumentavgift, oppmålingsgebyr og tinglysingsgebyr med meir.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 95/2025 Drøfting pris på kommunale bustadtomter i eldre bustadfelt

Saka vart drøfta.

Stian Sjøvik (Sp) sette fram følgjande forslag til vedtak:

- Utsalstaksten vert sett til 50 % av taksten for ein perioden, avgrensa til utgangen av 2029.

Framlegg til vedtak frå Sp vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 95/2025 Drøfting pris på kommunale bustadtomter i eldre bustadfelt:

Vedtak frå kommunestyret:

Utsalstaksten vert sett til 50 % av taksten for ein perioden, avgrensa til utgangen av 2029.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 96/2025 Prioritering av trafikk sikringssøknader 2026

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 96/2025 Prioritering av trafikk sikringssøknader 2026:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune prioriterer at det vert søkt om tilskot til trafikktryggingstiltak til følgjande to tiltak:

- Sikringstiltak (støypekant) 350 meter på kommunevegen i Indre Haugsdal
- Tiltak som betrar trafikktryggleiken ved Nordbygda skule/ barnehage.

Vert det gjeve fylkeskommunale trafikk sikringstilskot vil Masfjorden kommune finansiera inntil 50 % av investeringane, jf. kriteriene for å få tilskot.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 97/2025 Skule- og barnehageruta 2026 - 2027

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 97/2025 Skule- og barnehageruta 2026 - 2027:

Vedtak frå kommunestyret:

Forskrift for ferie og fridagar for barnehage- og skuleåret 2026 -2027 for Masfjorden kommune vert godkjend slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 98/2025 Nye prinsipp og retningslinjer for klasseseturar i Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 98/2025 Nye prinsipp og retningslinjer for klasseseturar i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Prinsipp og retningslinjer for klasseseturar i Masfjorden kommune er:

1. Klasseseturen i 10.klasse vert organisert i samarbeid mellom elevar, klassekontakt og foreldre.
2. Turen kan gå både innanlands og til utlandet. Klassekasse og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen.
3. Kommunen dekkjer reisekostnader med inntil kr 4000,- pr elev og søkjer i tillegg om kr 1000,- i støtte per elev frå UDIR. Denne summen må følgje prisvekst.
4. Kommunen dekkjer kostnader for lærarar / tilstrekkelege ressursar pr. skule til å ivareta det faglege innhaldet i turen.
5. For elevar som har vedtak om eigen assistent, dekkjer kommunen kostnader for assistentar til å ivareta eleven på turen.
6. Kostnader utover det kommunen dekkjer, må klassane sjølv skaffe gjennom felles dugnad.
7. Turen skal vare i maksimalt fem dagar med overnattingar.
8. Klasseseturen skal arrangerast etter haustferien og elles tilpassast slik at det ikkje kjem i konflikt med store prøvar og eksamen.
9. Som hovudregel bør klasseseturen vera ein fellestur for alle skulane, men det er ikkje eit krav.
10. Det er eit krav om at alle turane må innehalde eit fagleg program
11. Elevar som av gyldige grunnar ikkje kan delta på tur, skal følgje eit undervisningsopplegg ved sin eigen skule i den perioden klasseseturen varer.
12. Gjeldande ordensreglar for skulane gjeld også under klasseseturar.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 99/2025 Språkplan for Masfjorden kommune 2025 - 2033

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) spurte om representanten Reknes var inhabil i denne saka sidan ho var saksbehandlar for denne saka i formannskapet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet frå Ap. Det vart vedteke at Reknes var habil med 10 røyster (H, Sp og Svein Bjarthe Fredheim (FrP))

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at følgjande vart protokollført:

- Det må gjennomførast språkvask for språkplanen

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 99/2025 Språkplan for Masfjorden kommune 2025 - 2033:

Vedtak frå kommunestyret:

Språkplan for Masfjorden kommune 2025 – 2033 vert vedteken slik han ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 100/2025 Referat- og orienteringssaker

Orientering før kommunestyremøte:

Barnekoordinator i Austrheim, Masfjorden og Feide, Trine Pedersen Hodneland, orienterte om arbeidet sitt.

Referatsaker:

- Høyringsinnspel til Budsjett og økonomiplan 2026
- Merknader til budsjett 2026 og ØP 2026-2029
- Innspel årsbudsjettet 2026
- Innspel til budsjett 2026 - Masfjorden Høgre
- Innspel frå Masfjorden Ap til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029
- Innspel til budsjett / økonomiplan - Masfjorden Senterparti
- Signert Finansieringsavtale for vidare utgreiing Masfjordsambandet
- Referat etter møte med politimeister og leiinga i Vest politidistrikt 14.oktober
- Masfjorden kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 18.11.2025
- Protokoll 3-2025 Regionrådet Nordhordland fredag 24.oktober
- Møteprotokoll frå Eldrerådet 04.11.25
- Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.11.25
- Møteprotokoll frå ungdomsrådet 01.12.25
- Informasjon til kommunane
- Høyringsinnspel frå Regionrådet Nordhordland - tomteval for nybygg for Austrheim vidaregåane skule
- Bandtvang for hundar

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 11.12.2025 av sak 100/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

